

Fra: Morten Askvik <Morten.Askvik@hyllestad.kommune.no>
Sendt: 15. mars 2017 23:30
Til: Postmottak POD
Emne: Klage - Politireform

Hyllestad kommune opprettheld klage

Dato: 15.03.17

Dykkar referanse: 2016/04891

vår referanse 13/317-33/MAS

Viser til dykkar brev av 08.03.2015 vedrørende klage frå Hyllestad kommune til politidirektoratet sitt vedtak om lokal struktur i Vest politidistrikt.

Fornya klage er sendt innan frista 15.03.17, og er soleis rettviss.

Hyllestad kommune vil oppretthalde klagen sendt 03.03.2017 med bakgrunn i tidlegare innsendt klage, samt eit nytt moment. Vidare er konklusjonen i klagen presisert og ligg innanfor §1 i forskrifta for kva som kan klagast over.

Det nye momentet meiner kommunen forsterkar det som er skrevet i vår tidlegare innsendte klage, samt grunnjev kvifor vår klage av 03.03.17 ikkje kan forkastast.

Klagen består no av det opprinnelege klagebrevet, samt det som ligg føre i dette skrivet.

Hyllestad kommune føreset at det som ligg i det opprinnelege klagebrevet er kjend, og vert ikkje gjenteke her.

Nytt moment:

Hyllestad kommune klagar vidare på bakgrunn av forhold ved sakshandsaminga:

Hyllestad kommune meiner at prosessen ikkje er gjennomført i samsvar med Stortinget sine intensjonar.

Det blir i så møte vist til Innst. 306 S (2014-2015) – «Innstillinga frå justiskomiteen om endringar i politiloven m.v (trygghet i hverdagen - nærpolitireformen)» og kapt 11.2 «Komiteens merknader». Kap 11.2.4 omhandlar «Krav til prosess ved endringer.» Under overskrifta «Et løfte til innbyggerene» skriv komiteen:

Innbyggerene skal vite kva de får og hva er «nærpoliti» vil bety i praksis for deres lokalsamfunn.

Flertallet viser til kriteriene til ny tjenestestruktur som framgår av Prop, 61 (2014-2015) punkt 5.3 og mener at det i tillegg skal legges til følgende kriterier for gjennomføring av endringer i tjenestestrukturen:

- *Hva innbyggerne skal få tjenester etter endringene, og hvordan, skal legges frem skriftlig for kommunestyrene, dersom kommunen ønsker det. Politimesteren skal utarbeide dokumentet.*
- *Dokumentet skal være realistisk og tydelig, med vekt på hvordan det forebyggende arbeidet skal ivaretas, hvilke beredskap innbyggerne kan forvente og hvordan politiet vil sikre tett kontakt med bl.a. lokale, frivillige beredskapsorganisasjoner.*
- *Dokumentet må være utformet presist nok til at det er mulig å evaluere sluttresultatet.*
- *Alle berørte kommuner skal gis mulighet til å komme med en uttalelse om dokumentet . Uttalelsen skal tillegges vekt ved en eventuell klage.*

Flertallet understreker at kriteriene er minimumskriterier. Det er rom for lokale tilpasninger utover dette. Prosessen skal politiet og innbyggerene forutsigbarhet og sikre et best mulig sluttresultat.

Hyllestad kommune har i sitt arbeid med andre kommuner i Hafs regionråd både før, og under, prosessen med politireformen samarbeidet med politiet for å få eit betre beredskap og tenestetilbod. Hyllestad kommunar forventa at det vart gitt skriftleg informasjon med dokumentasjon om kva tenester innbyggjarane vil få med endringane og korleis; jmf. Justiskomiteens merknadar ovanfor om krav til prosess ved endringar. Slik skriftleg dokumentasjon har vi ikkje fått. Innbyggjarane har ikkje fått vite kva dei får og kva et «nærpoliti» vil bety i praksis for deira lokalsamfunn, jmf første setning ovanfor.

Konklusjon

Hyllestad kommune finner det dårleg dokumentert og grunngjeve korleis reforma vil sikre betre tenester, førebygging og beredskap.

Innbyggjarane og kommunen må vite meir om reforma samsvarer betre med intensjonane frå Stortinget med «nærpolitireforma» før strukturane kan vedtakast.

På den bakgrunn krev Hyllestad kommune at vedtak om strukturendringar vert stilt i bero inntil dokumentasjon og avklaringar er gjort for å vise kva vert innhaldet i reforma innan td. tenester, førebygging, beredskap og samarbeid med kommunen. Vidare må det vere ny klageadgang, både på innhald og struktur når dei avklaringane er gjort.

Morten Askvik
Ordfører
Hyllestad Kommune
57789505
98885997

morten.askvik@hyllestad.kommune.no



Hyllestad
kommune